

## Referat frå referansegruppemøtet TMA4240 16.09.22

Til stades: Silje Marie Våge, MTBYGG, Lene Amundsen Holmebakken, MTBYGG  
Tor Fengsrud Brinchmann, MTFYMA, Hedda Bjørnstad MTFYMA. Oscar Ovanger og John Tyssedal.

Grunna for lite auditorieplass, har førelesingane blitt streama frå og med veke 37. Det har ført til ein relativt stor nedgang i talet på frammøtte på førelesing.

Førelesingar: Føresar blei oppfordra til å bruke tavle framfor å skrive på Surface pro og lerret. Det gav meir dynamikk i rommet. Tavle gjer det vanskelegare å sjå streaminga, men studentane har høve til å forstørre opp. Ein førelesingstime på måndag kolliderer med plenumsrekning i Matematikk 3. Byggklassen hadde difor starta å gå på den andre parallellen, delvis også fordi dei syntes føresaren forklarte betre.

Øvingar. Studentane var positive til opplegget rundt øvingsundervisninga, det gjaldt både øvingane, antall innleveringar og høve til å få hjelp.

Lærebok. Det var lite bruk av læreboka. Studentane brukte personlege notatar og temasider.